# Rettleiingsteam

Solund barnehage og skule

Skuleåret

2023/2024



**Rettleiingsteamet**

Rettleiingsteamet skal ha som oppgåve å handsame pedagogiske problemstillingar knytt til born i barnehagen og elevar i skulen.

Tilpassa opplæring er ein rett for alle elevar, og skal i hovudsak bli tatt i vare av den einskilde læraren. Rettleiingsteamet skal fungere som ein støttespelar for lærar i dette arbeidet.

Rettleiingsteamet skal medverke til å styrke den spesialpedagogiske kompetansen, ta initiativ til førebyggjande arbeid og drive rettleiing.

Barnehagen/skulen skal aktivt drive utviklingsarbeid og vere lærande organisasjonar. Styrar/rektor deltek på møta.

Kompetansebygging, deling av kunnskap og tankar er viktig for barnehageutvikling/skuleutvikling, og rettleiingsteamet skal bidra i dette arbeidet.

Rettleiingsteamet er eit rådgjevande organ for styrar/rektor.

Rettleiingsteamet er samansett av PPT, styrar/rektor, Pedagog/spesialpedagog/lærar og helsesjukepleiar.

Ved behov, kan andre instansar kallast inn til møte med rettleiingsteamet (t.d. barneverntenesta, kulturskulen og kommunepsykologen).

Tilsette i barnehage/skule kan melde inn saker til rettleiingsteamet. Det blir då avtalt tid slik at ped.leiar/lærar kan delta på møtet, og legge fram saka.

Sakene skal helst ha samtykke frå føresette. Dersom ikkje, kan ein drøfte problemstillingar anonymt.

## Kven kan melde saker til  rettleiingsteamet?

Er du pedagog/faglærar/kontaktlærar tek de kontakt med styrar/rektor før de melder inn sak til rettleiingsteamet

Styrar: Anne Brith Tangenes

Tlf: 57786239 – Mob: 97584571

E post: anne.brith.tangenes@solund.kommune.no

Rektor: Gunnlaug Olsvoll Røed

Tlf.: 57786219 – Mob: 90855224

E-post: gunnlaug.olsvoll.roed@solund.kommune.no



**Medlem i rettleiingsteamet 2023/2024 er:**

Styrar - barnehage

Anne Brith Tangenes

Rektor - skule

Gunnlaug Olsvoll Røed

Spesialpedagog

Hildegunn Strand

Helsesjukepleiar

Hilde Marit Nikolaisen Trovåg

Leiar PPT

Berit Louise Bjørnsen

PP-rådgjevar- PPT for Ytre Sogn- og Sunnfjord

Veronica Fugle Russenes

**PPT for Ytre Sogn- og Sunnfjord**
**Tlf.: 95255939**

Fjaler kommune

**Døme på saker til drøfting i teamet:**

- Følgje opp og vurdere tiltak som kontaktlærar/faglærar/spesialpedagog har meldt inn

- Drøfte problemstillingar som er i «gråsona» og tiltak som kan setjast i verk

- Gje informasjon, råd og rettleiing om tilpassa opplæring, metodar og materiell

- Punkt til drøfting: I høve fråvær og trivsel, læringsmiljø/klassemiljø

- Alle tilmeldingar til PPT skal ha vore diskuterte i rettleiingsteamet før tilmelding. Drøfte kartlegging /testing av born/elevar

- Drøfte tema/problemstillingar innan ulike utviklingsområde

**Saksgang ved vurdering om barnet har trong for spesialpedagogisk hjelp/eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa:**

- Læraren eller føresette ser at barnet/eleven kanskje har ei vanske.
- Læraren kartlegg dei aktuelle vanskane (jf. pedagogisk rapport)
- Tiltak settast i gong.
- Ny kartlegging for å måle framgang (vanlegvis etter 2-3 månadar)
- Tilvising til PPT. Både barnehagen/skulen og føresette kan be om dette. Føresette må gi samtykke.
- PPT vurderer saka, og kallar inn til oppstartsmøte med alle partar.
- PPT testar/kartlegg og skriv ei sakkyndig vurdering (som mellom anna skal innehalde informasjon om ei eventuell diagnose og anbefaling om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning eller ikkje).

**Planlagde møter for rettleiingsteam skuleåret 2023/2024:**

Tysdag 26.09.2023, kl 12:00 - 14:30

Tysdag 07.11.2023, kl 12:00 - 14:30

Tysdag 02.01.2024, kl 12:00 - 14:30

Tysdag 06.02.2024, kl 12:00 - 14:30

Tysdag 19.03.2024, kl 12:00 - 14:30

Tysdag 28.05.2024, kl 12:00 - 14:30

